



EPAX NORWAY AS  
Postboks 444  
5805 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristin Eide, 71 25 84 33

## Tilsyn hos Epax Norway AS avd. Ålesund - inspeksjonsrapport 2026.012.I.SFMR

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 25.mars 2026 hos Epax Norway AS avd. Ålesund (organisasjonsnummer: 971 655 526).

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Avvik 1: Verftet har ikkje ei godkjent Avfallsplan i havn

*Avvik* er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Epax Norway AS må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta **innan 15.mai 2026**.

#### Statsforvaltaren påpeikar merknader

Merknad 1: Utsleppsavgrensing målt i BOF<sub>5</sub> vil truleg ikkje bli innfridd innan frist

*Merknad* er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

#### De må betale gebyr

Epax Norway AS avd. Ålesund må betale eit gebyr på 43 100 kr for tilsynet.

#### Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfmr@statsforvalteren.no](mailto:sfmr@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med saksnr. 2007/1294.



## Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

### Avvik 1: Verftet har ikkje ei godkjent Avfallsplan i havn

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket  
Forureiningsforskrifta § 20-6 *Avfallsplaner og rapportering*

#### Beskrivelse av krav

*Avfallsplanen skal evalueres og oversendes statsforvalteren for ny godkjenning minst hvert femte år og ved vesentlige endringer i driften av havnen. Godkjenningen gjelder i fem år fra den dato statsforvalteren godkjente planen. Planer godkjent før 1. oktober 2023 skal gjelde i fem år fra den dato statsforvalteren godkjente planen. Ved ny godkjenning må utkast til avfallsplan sendes statsforvalteren senest tre måneder før gjeldende avfallsplan utløper.*

#### Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

*Avfallsplan i havn* er ikkje evaluert og sendt til godkjenning innan tidsfristen gitt i [forskrift](#). Vi viser til brev av 23. mars 2026 frå Statsforvaltaren angående regodkjenning av planen.

### Merknad 1: Utsleppsavgrensing målt i BOF<sub>5</sub><sup>1</sup> vil truleg ikkje bli innfridd innan frist

#### Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Epax Norway AS avd. Ålesund har i sitt løyve vilkår (pkt. 3.1) som skal avgrense forureining i avlaupsvatnet som blir sleppt ut i Aspvangen. Verksemda har reinsing av avlaupsvatnet som held mengda feittstoff under grensa satt i løyvet. I løyvet er det gitt frist til 31.12.2026 for å få BOF<sub>5</sub> lik eller under 330 kg/døgn (midlingstid: veke). Med grunnlag i verksemda sine målingar av BOF<sub>5</sub> over år, så informerte de under tilsynet at det er lite truleg at de vil nå kravet i løyvet innan fristen.

Vi rår dykk til å gjere tiltak for å unngå at de kjem i brot med eige løyve etter 31.12.2026.

<sup>1</sup> BOF<sub>5</sub> er ei måleining for mengda organisk materiale i avlaupsvatn som blir brote ned biologisk i løpet av fem døgn.

### Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at verksemda må betale eit gebyr på beløp kr 43 100 for tilsynet. Dette svarar til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr gitt tilsynsdagen, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ei klage bør vere grunngjeven skriftleg og bli sendt Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette



brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsettjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Kristin Eide
- Mari Kaarfald Stubberud

Frå verksemda deltok:

- Ronny Bjerknæs – HMS-leiar (deltok ved start og på sluttmøte)
- Bjørn Refsum – dagleg leiar
- Trond Inge Aarønes – vedlikehaldsleiar
- Erik H. Troøien – produksjonsleiar (Teams)

### Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

### Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova

### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må de sende til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).



Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Kopi til:**

**Ålesund kommune**

**Postboks 1521**

**6025**

**ÅLESUND**